

## Notat

**Til:** Kontrollutvalet  
**Frå:** Fylkesrådmannen

### Oppfølging av tilrådingar, forvaltingsrevisjon energi og miljø

Arbeidet med oppfølginga av Fylkesdelplan for klima og miljø held fram. Det nye handlingsprogrammet vart vedteke i Fylkestinget i oktober 2013, og er ambisiøst og konkret. Klimaindikatorprosjektet som vart gjennomført i samarbeid med Vestlandsforskning er ferdigstilt og sluttrapport er levert. Konklusjonane frå denne rapporten vart nytta aktivt i arbeidet med rulleringa av handlingsdelen til klimaplanen.

Under følgjer ein kort statusrapport på dei fire punkta frå kapitel 5 i forvaltingsrevisjonen, «Tilrådingar».

#### 1. Utarbeider rapporteringsrutinar og fastset rapporteringsinnhald frå dei ulike avdelingane

Forholdet som både forvaltingsrevisjonen og klimaindikatorprosjektet peika på er at mange av tiltaka i det gamle handlingsprogrammet var vanskelege å rapportere på, og at avdelingsansvar var utydeleg. Dette er løyst gjennom å jobbe fram dei nye tiltaka i forpliktande samarbeid med kvar avdeling, og ved å tydeleggjera forma på rapporteringa og kva for indikatorar vi skal nytte for vurdere dei einskilde tiltaka. Den tidsavgrensa, tverrsektorielle klimagruppa med ein representant frå kvar avdeling har delteke i arbeidet med utarbeiding av dei nye tiltaka. Det er no oppretta ei fast tverrsektoriell klimagruppe, og denne gruppa vil m.a. ta i vare rapportering og oppfølging frå kvar avdeling. Fullstendig rapport på utføring av tiltak vil gå til fylkestinget i samband årsrapporteringa og rullering av handlingsprogrammet.

#### 2. Vurderer korleis ein i endå større grad kan nytte nettverka ein samarbeider i for å nå ut til større og mindre private verksemdar.

I samarbeid med næringsavdelinga har det blitt utarbeida ein del tiltak knytt til fylkeskommunen sine verkemiddel i høve næringslivet. Det er tilsett ein person i ei eittårig prosjektstilling, som skal jobba konkret med dette. Ei sentral oppgåve vert å jobba mot små og mellomstore bedrifter for oppnå utsleppsreduksjon i næringslivet. I nokre tilfelle har fylkeskommunen alt teke initiativ til nettverk med tettare samarbeid, som ved initiativ til samarbeid med nettselskapa i fylket for å få på plass fleire hurtigladepunkt for el-bil. Ordninga med miljøsertifisering for bedrifter når også mange bedrifter (ca. 12- 15 kvart år), og er ofte første steg på vegen til større medvit rundt klima og miljø.

#### 3. Vurderer korleis ein kan gå fram for å inngå meir forpliktande avtalar knytt til gjennomføring av tiltak, både internt i fylkeskommunen og ovanfor andre aktørar.

I prosessen med rullering av handlingsdelen var det internt i fylkeskommunen halde møte med direktørane og relevante fagtilsette på dei ulike avdelingane, for å få opp konkrete tiltak som ein er einige i at avdelingane tek ansvar for. Handlingsdelen har og vore handsama i fylkesrådmannen si leiargruppe for godkjenning og forankring. Dette har skapt større eigarskap til tiltaka og ei felles

forplikting til gjennomføring. Den tverrsektorielle klimagruppa vil vera ei viktig brikke i arbeidet for å sikre at dei ulike avdelingane tek ansvar, og sørgjer for kontinuerleg oppfølging av tiltak.

I høve andre aktørar, som til dømes frivillige lag/organisasjonar, vert det no vurdert utviklingsavtalar. Desse avtalane kan innehalda både basisfinansiering og konkrete prosjekt der haldnings- skapande arbeid i høve klima og miljø er aktuelle tema. I 2013 vart det laga ein slik avtale med Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, og i 2014 vert slik avtale inngått med 4H. Det er også konkrete samarbeidsavtalar med Sogn Jord og hagebruksskule, United World College og Bremuseet i Fjærland rundt klimaformidling i vidaregåande skule.

Fylkeskommunen har og hatt eit ynskje om å utvikle heilskaplege samarbeidsavtalar med kommunane. Men med bakgrunn i kommunestrukturdiskusjonane vert dette førebels ikkje følgt opp. Det er utvikla samarbeidsavtalar med regionråda, der det er lagt vekt på dei strategiske områda for einskild region.

Fylkesmannen (med miljøvern-avdeling, beredskapsavdeling og landbruksavdeling), Vegvesenet, NVE og Innovasjon Noreg var alle aktive deltakarar i rullering av handlingsprogrammet. Desse aktørane har forplikta seg til oppfølging av tiltaka, og dette vert følgt opp gjennom kontinuerleg kontakt og årlege evalueringsmøte.

#### **4. Utarbeider ein samla strategi for å rapportere om mål, tiltak og effektar i klimaarbeidet, og vurderer kva rapporteringsfrekvens og -kanalar som vil sikre god informasjon til politisk og administrativt nivå, og samfunnet elles.**

Ved rulleringa av handlingsprogrammet skal det rapporterast på mål, tiltak og effektar til fylkestinget. Dette vil sikre god rapportering og informasjon til politisk nivå.

I fylkesrådmannen sin årsrapport vert det rapportert på klimaarbeidet. I årsrapporten for 2013 vart klima trekt fram som eit overordna tema, i tråd og med etterlysning i forvaltingsrevisjonen.

Etablering av ei fast intern tverrsektoriell gruppe er gjort for å skapa ei god intern oppfylging, informasjon og rapportering.

Heimesida til fylkeskommunen, og nettsidene rundt klimaarbeid, vert nytta kontinuerleg til aktuelle saker. Heimesidene og pressemeldingar er godt eigna til å nå ut til meida, og soleis til samfunnet elles.